

## God rekruttering i sjøkanten



Morten Nilsen med heile rekruttflokket

Medan proffane boltrar seg på Dønhaug skyt rekrutteringa fart i sjøkanten. I dag er minifestidalen avvikla der og bortimot 20 unga talentar viste at det ikkje er nokon fåre for etterveksten. Ein representativ jury ga uttrykk for at den var svært imponert. I den sat Mona Grønningen, Dag Sigurd Gregersen, Ingrid Schwenke og Rune Solheim. Dei kunne mellom anna late seg imponera av fleire lovande røyster.



Ingeborg vann med beste sang

Det gjeld ikkje minst 11 år gamle Ingeborg Grønseth som hadde beste sang og som har ei røyst med stor gjennomslagskraft trass i alderen. Men dei som kjenner henne vart ikkje overraska over at ho gjekk til topps md Euphoria.



Den høgt kvalifiserte juryen

Beste sceneshov hadde Celine Musland og Anna Elisabeth Samland Eik og desse 5 gjekk til topps i kategorien bekledding: Margrethe Hillestad, June Marie Sætre Bjelland, Auroa Nilsen Mathisen, Henriette Gjerde og Ingeborg Stensletten. Få var uenige då Jarand Jensen Eide og Harald Lekva Myklebust i følge juryen var dei kulaste. Fleire som ikkje skal nemnast her framførte både lange og krevande tekstar og her ligg det nok mykje øving bak.



Desse 2 var dei kulaste

Systeme Nilsens eigen Morten Nilsen var flink programleiar og alt gjekk smertefritt for seg..  
Minifestivalen var ei behageleg pause i travle festival dagar og mange ga uttrykk for at den må  
vera like permanent som sjølve Festivalen. Og no får vi vel ikkje nokon ny pause? Tekst og foto:  
Ola Matti Mathisen